

#### FOLKEHØGSKULEN I GUDBRANDSDALEN

Christopher Bruun (1839-1920) grunnla folkehøgskulen sin i Sel i 1867, den andre i Noreg etter at Sagatun ved Hamar kom i gang i 1864. Seinare vart skulen på Romundgard i Sel flytt til Vonheim i Gausdal, og kom til å bli eit åndeleg kraftsentrum ved sida av Aulestad, heimen til Karoline og Bjørnstjerne Bjørnson.

Folkehøgskulen heldt fram i Gudbrandsdalen etter at Vonheim vart nedlagt i 1892. Diktarane Olav Aukrust og Ingeborg Møller dreiv ei tid folkehøgskule på Dovre og i Gausdal. Folkehøgskulen fekk såleis tidleg ein plass i Gudbrandsdalen, og betydde mykje for ungdommen på landsbygda og for nasjonal og kulturell oppvakning.

#### FOLKEHØGSKULEN PA HUNDORP

Rasmus Stauri (1867-1932) kom frå Styn i Nordfjord. Etter lærarskule og folkehøgskule i Seljord hos Viggo Ullmann grunnla han Gudbrandsdalen Folkehøgskule i Kvam i 1902. Saman med kona si, Lise Høie, (1882 - 1949) flytta han skulen til den gamle sorenskrivargarden på Hundorp i 1915.

Bygningane på Hundorp vart reiste midt på 1800-talet, og skil seg ut frå bygjestilen i dalen. Sorenskrivar Ranklev kjøpte Hundorp i 1844, og fekk den svenske arkitekten Napel til å stå for bygginga. Eit herskapspreg i empirestil vart resultatet. Rasmus Stauri gjorde noko byggearbeid på Hundorp, men var svært pietesfull mot bygningane og det særprega tunet på garden. Elles var Rasmus Stauri sentral i Norsk Folkehøgskolelag og i ungdomslagsrørsla i Gudbrandsdalen. Han hadde også eit større fagleg og litterært forfatterskap. Gudbrandsdalen Folkehøgskule på Hundorp vart i Stauris styringstid ein kjent og svært respektert skule i Gudbrandsdalen og i landet elles.

Bygdehistorikaren Ivar Kleiven skreiv i "Fronsbygdin" (1930) at Rasmus Stauri hadde vore "ein svært god mann for Gudbrandsdalen".

Lise Stauri dreiv skulen frå 1932 til 1948. Ho var Skandinavias første kvinnelege folkehøgskulerektor, og førte arven frå Grundtvig vidare. Ho fekk Kongens fortjenstmedalje i gull i 1948.

Sonen Are Stauri (1912 - 1972) tok over som rektor i 1949 og dreiv skulen saman med kona si, Dagny Stauri, til han gjekk bort i 1972. Skulen vart etter krigen bygd ut, og hadde i alle år god spennad. Skulen var i privat eige fram til 1982, men var i perioden 1972-1982 leidt ut til Folkeuniversitetet i Noreg. Gudbrandsdal ungdomslag kjøpte kjøpte skulen i 1983, og dreiv han fram til brannen på internatbygget i april 1987. Deretter tok Sør-Fron kommune over skuleeigendommen.

#### KULTURSENTRUM

Frå 1915 og fram til sist på 1900-talet vart det ved folkehøgskulen arrangert årvisse sommarkurs for skandinaviske lærarar. Hundorp og folkehøgskulen er slik sett kjent i heile Skandinavia som møtested, kurs- og kultursentrums. Sigrid Undset, Frederik Paasch, Francis Bull Harald Schjelderup, Tore Ørjasæter og andre var gjennom mange år faste gjester på Hundorp. Etter krigen har også skulen vore nytta i sommarhalvåret til ulike kurs- og møteformål.

#### 900 -ARSFEST I 1921

I 1921, under 900-årsminnet for møtet mellom Dale-Gudbrand og Olav Haraldsson i 1021, var professor Frederik Paasch hovudtalar. Rundt 8000 menneske møtte fram. Mellom dei var Kong Haakon VII, og fleire representantar frå regjering og Storting i tillegg til mykje bygdefolk.


Da Kronprinsparet hausten 1986 reiste gjennom Gudbrandsdalen, var Hundorp ved folkehøgskulen og fornminna ein naturleg stoppestad for omvisning og bevertning.

#### FRAMTIDA


Med dei mange fornminna frå vikingtida, som gammal sorenskrivargard og si lange folkehøgskulehistorie i dette hundreåret har Hundorp og Dale-Gudbrands gard lange og solide tradisjonar.

Sør-Fron kommune har no eigendomen, og hausten 1992 vil oppattbygginga av internatbygget ta til. Det blir lagt til rette for overnatting og servering, kurs- og møtelokal blir bygd, og ulike aktivitetar kjem til å fylle bygningane i òg framover. Alt talar for at Hundorp og Dale-Gudbrands gamle gard på nytt blir eit kultursentrums.


## GRAVFUNN PÅ HUNDORP



Funn etter kvinnegrav ved jernbana.



Ulike reiskapar som er funne ved utgravingar på Hundorp.



For nærmare informasjon, kontakt  
Hundorp, Dale-Gudbrands gard  
tlf. 61 29 71 11,  
Sør-Fron kommune tlf. 61 29 60 00

## HISTORIE

Snorre Sturlason (1178/79 – 1241) fortel i "Heimskringla" om møtet mellom kong Olav og Dale-Gudbrand i 1021. Sigrid Undset seier at dette møtet representerer "et avgjørende opptrinn i vårt lands kristningshistorie". Hundorp var såleis i samlings- og kristnings-tida et religiøst, politisk og kulturelt sentrum for Gudbrandsdalens, og her budde Dale-Gudbrand. Han var "liksom konge over Gudbrandsdalen, men var herse av namn", skriv Snorre Sturlason i soga om Olav den heilage.

Garden var gjennom lange tider, truleg ein 300-400 år sete for ei mektig herseatt. Den Dale-Gudbrand vi kjenner frå soga er den siste av desse hersane, - elles har tre andre hatt Gudbrand-navnet. Etter hersane på Hundorp har så Gudbrandsdalen fått namn.

Da Olav Haraldsson, seinare kalla Olav den heilage, innførte kristendommen med makt i Gudbrandsdalen, vart både hovet og maktat til hersane på Hundorp brote ned, og øtta seig ned i gløymsle. Her fanst eit hov for guden Tor. Dette hovet har truleg stått på Håave, som i dag er nabogarden til Hundorp. Dette hovet har nok vore eit sentralhov for store delar av Gudbrandsdalen. Hovet var nært knytt til herseatt på Hundorp gjennom fleire hundre år, og var nesten like stort som hovet til Ladeatt i Trøndelag, skriv historikaren Gerhard Schøning (1722–1780).

Møtet mellom kong Olav og Dale-Gudbrand i 1021 er eitt av høgdepunkta i "Heimskringla". Den kristne Gud og militærmakta til kongen går saman. Mot dette kunne ikke Dale-Gudbrand greie seg. Kolbein Sterke var ein mann i flokken til kongen. Han var øtta fra Fjordane. Ved solrenning sprang han fram og knuste Torsbiletet med klubba si, og det flaug ut "myser store som kattar liksom, og øgler og ormar". Bøndene laut vende om og ta ved trua på Kvite-Krist. Dale-Gudbrand stod så opp og sa: "Vi har fått stor skade på vår gud; og etter di han ikke kunne hjelpe oss, så vil vi no tru på den guden som du trur på. Da tok alle ved kristendommen, og bispen døpte Gudbrand og son hans og settet att prestar der. Dei skildest som vener som før var uvener, og Dale Gudbrand let setje opp ei kyrkje der i Gudbrandsdalen." Så langt Snorre Sturlason.

Etter kristningsmøtet i 1021 vart maktsenteret flytta til garden Steig, som ein kan sjå i himmelranda mot aust frå Hundorp. I fleire generasjoner kom så høvdingsetet på Steig til å spela ei aktiv rolle i norsk rikshistorie. Gjennom tunet på Steig gjekk den gamle tjodvegen. Der har dei fleste norske kongar i mellomalderen vore innom.

Klubba til Kolbein Sterke er i dag kommunevåpenet for Sør-Fron kommune.



## GRAVHAUGAR OG FORNMINNER

Dei mange forminna på Hundorp vitnar om maktstillinga til herseatt på garden. Berre lokale småkongar hadde nok posisjon og råderett til å reise slike gravminne.

Historikaren Gerhard Schøning (1722–1780) skriv at det var 12 gravhaugar på Hundorp i 1775. I dag finst 7 att, og dei fleste av desse er store. Gravhaugane skriv seg frå tidsrommet år 700 – 950 e. Kr., men steinkretsane på området er eldre, og er truleg tidlegare gravminne. Dei ligg alle nokså tett inntil kvarandre slik at ein kunne ha augekontakt mellom haugane. Dei døde var ikkje borte frå garden sjølv om dei ikke var med i daglelivet.

### Haug 1

Dette er ein typisk rundhaug av sær regelmessig form. Haugen er omlag 20 m i tverrsnitt og rundt 3.5 m høg. Han har nok vore mykje høgare. Tuppen er utjamna for å gi plass til ei flaggstong. Under flaggstonga skal det ligge ein bautastein, blir det fortalt. Ein har planar om å grave fram denne steinen. Haugen har ikkje vore utgraven.

### Haug 2

Schøning kalla denne haugen "Gudbrandshaugen". Denne haugen er noko skadd etter at jord er teke vekk frå austsida. Denne haugen er også ein stor rundhaug med radius på om lag 25 m. Det er uråd å fastslå kor stor haugen har vore. Gudbrandshaugen vart utgraven i 1770-åra, men det vart ikke funne noko, etter det ein veit i dag. Ved foten av Gudbrandshaugen ligg det truleg ein mindre gravhaug mot den kvite murbygningen.

### Restar av steinsirkel

Like aust for haug 2 ser ein restar av ein større steinsirkel. Ifølgje Schøning var det 36 større steinar i denne sirkelen. I dag står berre ein att. Denne sirkelen var intakt sist i førre hundreåret.

### Haug 3

Samanlikna med dei andre, er denne haugen liten og låg. Tverrmålet er om lag 10 m og høgda vel 0.5 m. Denne har også vore utgraven, truleg i fyrste halvdel av 1800-talet. Før 2. verdskrig vart han nytta til potekjellar for folkehøgskulen.

### Tingplassen

Denne kvadratiske bautakretsen har klart seg godt gjennom hundreåra. Opphavelig har det vore 12 oppreiseite steinar, - i dag står 9 att. Dette er truleg tingplassen der tvistemål vart teke opp, og det er rimeleg at Kong Olav og Dale-Gudbrand møttest nettopp her. Plassen har nok også fungert som religiøs kultstad.

### Haug 4

Dette er den største av gravhaugane på Hundorp. Han har ei høgd på omkring 4.5 m, men den har nok vore større enn det, fordi han er utgjevna på toppen. Haugen vart utgraven i 1831 av mellom anna sør-frønningen Ingebret Nerli, som var ein kar med uhorvelege krefter. Han fann bein, tenner (hestetenner), reinsdyrhorn, to samansmelte malmstykke og noko som likna på reiskapar. Funn av trebitar tyder på at det kan ha vore eit trekammer inne i haugen. Slike trekammer fekk berre dei med høgaste sosial status i vikingetida. I dag kan ein gå inn i denne gamle grava frå vikingetida.

### Haug 5

Olavshaugen blir denne haugen kalla i dag. Historisk sett er dette eit nyare namn, - og det er minnemerket over Olav Haraldsson som er bakgrunnen for namnet. Minnestenen vart reist i 1907, og Olavshaugen i dag står på mange måtar fram farga av eit nasjonalromantisk syn på forminna frå vikingetida. Haugen er om lag 29 m i diameter og ca 4.5 m høg. Forma er svært regelmessig. Haugen er ikkje utgraven, og ein veit ikkje kven som er gravlagt her. Dette er den finaste av alle gravhaugane på Hundorp i dag.

### Steinkrets på 50 steinar

Nedanfor Olavshaugen mot Laugen ligg ein steinkrets med 50 runde steinar tett inntil kvarandre. Inne i steinsirkelen er det også flate steinar under torvlaget. Dette er ei eldre gravtype, som skriv seg frå hundreåra etter Kristi fødsel. (flatmarksgrav)

### Kvit Stein i bjørkelund

Ingen veit i dag opphavet eller funksjonen til denne kvite steinen. Kanskje er det eit kultisk merke? I alle fall kan han setje tankane i sving.


### Haug 6 og 7

Dessleir ligg like ved riksvegen E6, og er dessverre merkt av det. Den største er om lag 28 m i tverrmål, og den minste rundt 14 m. Haugane ligg tett inntil kvarandre, - er flate på toppen og har nok vore utgjamma ein gong i tida.

### Andre haugar

Det er fortalt at 3 av dei 12 haugane Schøning nemner vart øydelagt då jernbanen gjennom Gudbrandsdalen vart bygd i 1896. Desse haugane låg nede ved Lågen, sør-aust og nedanfor bygningane slik dei står i dag. Her kom det fram funn frå 1 kvinnegrav frå 900-talet, og det vart funne smykke til ei kvinnedrakt. 2 andre haugar skal vera øydelagte under dyrkning, men ingen veit heilt sikkert kvar desse låg.

Alle funna som er gjort på Hundorp finst i dag ved Universitetets Olsaksamling i Oslo. Det gjeld pilspissar, spenner, perler og andre ting frå tida før kristendommen vart innført i Noreg.



## Dale-Gudbrand and Olav The Holy

The Icelandic bard, Snorre Sturlasson, wrote in his saga "Heimskringla" about the meeting between king Olav and Dale-Gudbrand in 1021.

The nobel prize winning authoress, Sigrid Undset, meant that this meeting represents a decisive episode in the history of Norway. Hundorp therefor became a religious and political centre in the early christian period, and it was here Dale-Gudbrand had his seat. Snorre refers to him as "a sort of king and ruler in the valley of Gudbrandsdal".

Hundorp was the ancestral seat for this mighty clan of rulers for 3-400 years. The Dale-Gudbrand mentioned in the saga was the last of a series of Gudbrands who have given their name to the valley.


Christianity was introduced to Gudbrandsdal by force of Olav Haraldsson (who became known as Olav the Holy after his death at Stiklestad in 1030) and after this the power of the rulers was so reduced that the Gudbrand ancestry faded out. Until this time the Norrøn god Tor was the main idol of worship, and Hundorp the religious centre for most of the valley.

The meeting between King Olav and Dale-Gudbrand was one of the most important events from the old saga. As the sun rose in the east on of Olav's most powerful men, called Kolbein the Strong, demolished the image of Tor with his club and, in the words of Snorre, "out from the ruins sprang rats the size of cats, and snakes and lizards".

Dale-Gudbrand is reported to have said "Our god has suffered such damage that he cannot help us, so we must turn to your god". The despondent farmers allowed themselves to be converted an Dale-Gudbrand and his son was baptized. Snorre writes "They who once were enemies, parted as friends". Priests were left behind and Dale-Gudbrand allowed a church to be built.

After the events of 1021 the seat of power was moved to the farm of Steig, which can be seen on the skyline in the east. Here it remained for many generations, playing a very important role in the Norwegian national history. Most of the mediæval kings visited Steig at one time or another.

The municipal crest of Sør-Fron depicts the club used by Kolbein the Strong to demolish Tors image.



## The Folk High School of Gudbrandsdal

Gudbrandsdal Folk High School was founded at Kvam in 1902 by Rasmus Stauri who moved the school to Hundorp in 1915.

The school became very well known and respected, with many courses for Scandinavian teachers. Several famous Norwegians, such as Sigrid Undset, Fredrich Paasche, Francis Bull, Harald Schjeldrup, Tore Ørjaseter and others, were regular guests at Hundorp.

The school was run by Lise Stauri from 1932 until 1948. Lise Stauri was the first female in Scandinavia to lead a folk high school and she received the kings service medal in gold. Dagny and Are Stauri were in charge of the school from 1949 until 1972. After that the school was taken over, by The Folkeuniversitetet then by Gudbrandsdal Youth League. Since the dormitory fire in 1987 the Sør-Fron council authorities have had responsibility for the property.

### THE BUILDINGS, PAST AND PRESENT:

#### SNIKKARSALEN (The carpentry)

Used for wood-work and as a dormitory.

TO-DAY: An arts and crafts shop.

#### SKRIVARGARDEN

Built in 1850 for magistrate Randkleiv, in what was called empire style, an uncommon style in Gudbrandsdal. Used as class room and accomodation.

TO-DAY: Rooms for course and conference, tourist information, gallery and exhibition of Krogenes furnitures history.

#### ØVINGSHUSET

A stable from around 1800. Converted to a gym and library for the school. The tower was built in 1925 to study the stars. TO-DAY: Concert room, music school and archives for folk music.

#### STABBURET


Storehouse from Fron. TO-DAY: Art gallery

#### LÆRARBUSTAD (Teachers house)

An old house from Fron, still used as accomodation.

#### TINGHUSET

Built recently as a copy of the dormitory which was destroyed by fire in 1987. Contains a restaurant, bar, guest rooms and course/conference localities. Opened in June 1993.



## Anual arrangement

### ST.HANS (23rd. June)

Family event, with bonfire, games, food and music.

### OLSOKE (29th. July)

The historical background of Hundorp makes it a natural choice for celebrating Olsok with good food, bonfire and culturell events.

### SUMMER CONCERTS

3 or 4 Wednesdays in July/August.


### ART EXHIBITIONS

New exhibitions of art each year in the Stabbur and Skrivargarden.


### GUIDING AND TOURIST INFORMATION

Daily throughout the summer.

### ITEMS FOUND AT HUNDORP:



# G U I D E



*"Turn now  
and look to the east;  
there you see our god  
surrounded by light"*

# Burial Mounds and other Historical Finds

The many historical finds at Hundorp are proof of its importance at the time. It was only possible for the most powerful families to have such a show of burial mounds. From a survey in 1775 there were registered 12 burial mounds, of which 7 remain. Most of them are quite large and stem from era 700-900 ad.

## MOUND A

Is about 20 metres in diameter and 3.5 metres high. Has probably been even higher but has never been excavated.

## MOUND B

Called Gudbrands Mound. About 25 m. diameter. Excavated around 1770 without any substantial finds. On the east side of the mound we see the remains of a circle of stones, originally 36 in number. Today only one is left standing.

## MOUND C

Relatively small. Excavated around 1800. Used as a cellar for the school.

## MOUND D

The largest of the barrows, being over 30 m. in diameter and 4.5 m. high. Excavated in 1831 with finds of bones, horse teeth, reindeer horn and some implements. Also used as a cellar in recent times. The public now have access to this mound.

## MOUND E

Known as Olavs Mound. The stone on top was raised in 1907 as a memorial to Olav The Holy. 29 m. diameter and 4.5 m. high. The form is very symmetrical and it is considered to be the finest of them all.

## MOUNDS F AND G

Situated close to the E6 and unfortunately somewhat reduced.

## OTHER BURIAL MOUNDS

When the railway came in 1869, 3 mounds were removed. One of which was a woman's grave, where some jewelry found.

## COUNCIL PLACE/OLDER GRAVES

Located just below the smallest mound (c). Originally 12 stones in a square, now only 9 remaining. Probably an older grave used as a council place, or of religious importance. It's feasible to believe that the confrontation between Dale-Gudbrand and King Olav took place exactly at this spot.

## CIRCLE OF STONES

Located just below Olav's mound and consisting of 50 round stones, is an older type of grave probably from around 200 ad.


## WHITE STONE IN THE BIRCHES

Also beside Olav's mound. No one is quite sure of its purpose. It may have had a cult or religious significance. At least it sets our fantasy in swing.

## THE PILGRIMS ROAD (Public highway)

The route the pilgrims took to Nidaros went through Hundorp.

All the items found in the area are now at the University at Oslo.



**THE SIGNPOSTED TRAIL:** The information posts are numbered on the map. If you cannot join one of the guided tours, then by all means use the map to make your own way around the trail.

Sign 1: The "HOF", the place of worship at the farm Hove.

Sign 2: 4000 years of history.

Sign 3: The old public road.

Sign 4: Tor meets Christ.

Sign 5: Stone setting.

Sign 6: A chieftain burial.